



Saksbehandlar: Ester K. Hasle, 73 55 94 30
Vår dato: 14.10.2011 Vår ref.: 2011/1883
Dykkar dato: 30.05.2011 Dykkar 201102591

Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

KD		
18 OKT. 2011		
Saksnr.	Doknr.	Arkivkode
2011 02 591	-	38

Fagerbergutvalgets utredning NOU 2011 : 6 Et åpnere forskningssystem

Vedlagt sender Høgskolen i Sør-Trøndelag over si høringsfråsegn til NOU 2011:6 "Et åpnere forskningssystem".

Med helsing

Trond Michael Andersen
Trond Michael Andersen
rektor

Ester K. Hasle
Ester K. Hasle
avdelingsdirektør

Vedlegg: Høringsfråsegn frå HiST

NOU 2011:6, Eit opnare forskingssystem – høringsfråsegn frå Høgskolen i Sør-Trøndelag.

Høgskolen i Sør-Trøndelag har handsama høringsutkastet i NOU2011:6 og vil uttala følgjande:

Høgskolen støttar utvalets forslag om større løyvingar til frie forskingsprosjekt, og støttar også ideen om panel framfor enkelt-ekspertar for å vurdere prosjektsøknadar. Vi er samd i utvalet sine bekymringar om at fagfellevurdering frå enkelt-ekspertar kan vera konservativ, konserverande og gje uforholdsmessig stor støtte til etablerte forskarar i etablerte disiplinær i høve til yngre forskarar og nye fagfelt. HiST er òg samd i at løyvde forskingsmidlar skal gå i størst mulig grad til aktiv forskning og ikkje til administrasjon, kontingentar og byråkratisering.

Vi er difor forundra over, og kritiske til at utvalet føreslår endå ein byråkratisk innretning: Forslag om eit nytt forskingsbarometer med oversikt over, og samanlikning av kvar einiskild forskars forskingsproduksjon, og individuell honorering av denne (forskarfunn).

Universitets- og høgskolesektoren har motteke signal frå departementet om at institusjonane sjølve i større grad skal definere sine eigne mål for verksemda, at måleindikatorane frå departementet vektlegg meir direkte samfunnsnytte og regional relevans, og at institusjonane skal nytte samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon for å nå felles mål.

U&H-institusjonane ville bli fråtekne sine muligheter til å tenkje strategisk og langsiktig dersom publikasjonspoeng-honorar skulle gå direkte frå departementet ned til enkeltforskarer, slik fleirtalet i utvalet her føreslår. Institusjonane treng insentiv for å bygge dei samarbeidande forskingsgruppene som styrker institusjonens fagprofil, og ikkje automatisk honorering av dei "einsame ulvane" som skriv publikasjonar åleine i si eiga nisje med "klippekort" i eit fagtidsskrift. Arbeidsoppgåvene i U&h-sektoren er så mangfaldige at det blir for enkelt å føreslå automatisk bortfall av FoU-tid og auka undervisningsbelastning dersom den sentrale forskingsindeksen skulle oppdage enkeltforskarar utan publiseringspoeng i ein periode. Arbeidsplanane ordnast best og mest effektivt i ein dialog lokalt mellom leiar og arbeidstakar, slik at studieprogrammas totale oppgåver blir løyste på mest effektiv måte. Vidare ville dette forslaget gje eit negativt signal om at undervisning er mindre verdfull enn forskinga. Det må heller stimulerast til at undervisning og forskning kan gå hand i hand, med faglærarens oppdaterte forskingsresultat i pensum og at studentprosjekt kan inngå som meningsfulle delar av igangverande forskingsprosjekt. Utvalet sitt forslag om konkurranseutsetjing av større delar av U&H-institusjonanes grunnløyvingar vil også bidra til at institusjonane får mindre mulighet for langsiktig planlegging og strategisk tenking.

I NOU-en kjem ein også med forslag om eit nytt individrelatert premieringsbidrag for rettleiing av ph.d-studentar. Dette vil kunne introdusere nye interessekonfliktar mellom institusjonar som lønner dr.kandidatar (utan rett til å tildele doktorgrad) og institusjonar som tildeler dr.graden. HiST støttar utvalets forslag om å auke talet på ph.d.-stipendiatar.

Direkte personinsentivar i form av meir personleg konkurranse og sentralt bestemte kronetillegg pr. lett målbare forskningseiningar pr. enkeltforskar ser ut til å vera utvalets einaste medisin for å effektivisere forskinga. Det er etter HiST si mening noko snever tolking av utvalsmandatet som mellom anna etterspør: *"Utgjeie FoU-midlanes samfunnsøkonomiske nytte i brei forstand"*

Høgskolen er positiv til framlegget om etablering av eit forskingsprogram på området. Vi trur ikkje at identifisering av fleire måleindikatorar bør vera fremste oppgåva, men det er viktig å få fram

systematisk og kunnskapsbasert informasjon om effekten forskinga har på næringslivet og på samfunnsrelaterte utfordringar. Forsking på området bør gje svar på fleire spørsmål og finne fram til fleire og effektive virkemiddel innom dette viktige fagfeltet. Av saker vi synst kunne ha vore betre ivareteke i dette utvalsarbeidet er mellom anna følgjande:

- Høgskolanes spesielle utfordringar og samfunnsoppdrag med å vera regionale kunnskapsaktørar er ikkje nemnde – heller ingen verkemiddel for å styrke dette ansvaret. Det næraste utvalet kjem ei slik erkjenning er formuleringa: *“Overveiende disiplinbaserte institusjoner er ikke i stand til å takle slike (nye tverrfaglige) utfordringer”*
- Utvalsarbeidet har slagside mot grunnforskning, men tekniske/eksperimentelle fag er omtrent fråverande. Utstysproblematikk er ikkje berørt, og støttefunksjonane er berre så vidt nemnde. Men utvalet er bekymra over for dårleg ph.d.-rekruttering i teknisk forskning.
- At utvalet manglar representasjon frå høgskolesektoren, at fleirtalet i utvalet har økonomibakgrunn, og at fem av ni medlemmer kjem frå Oslo, kan ha bidrege til at fokusområda er for snevert definerte
- For universiteta og høgskolane er ein viktig effekt av forskinga den verknaden ho har på utdannings- og formidlingsbiten. Utvalet vektlegg alt for einsidig poenggjevande publikasjonar og avlagde doktorgradar som einaste viktige “sluttprodukt”.
- Utvalet stadfestar at NOU-en ikkje omhandlar post.doc sin betydning for forskingsfeltet. Etter vår meining er post.doc.-stillingane av dei mest kraftfulle posisjonane i forskinga. Dei burde hatt brei omtale – også det diskriminerande i at høgskolar utan dr.grader ikkje har lov til å lyse ut postdoc.-stillingar
- Utvalet er bekymra for låg effektivitet, og lite internasjonalt samkvem, men føreslær ingen indikatorar eller kraftfulle verkemiddel for å betre internasjonal samhandling
- Heller ikkje strukturen innom norsk forskning, med mellom anna ein mangfalding og komplisert instituttsektor, er via merksemd i dette arbeidet
- I ei tid då både nasjonale og internasjonale forskingsregime vektlegg så sterkt forskning som drivkraft for nyskaping og innovasjon er det oppsiktsvekkande at NOU-en ikkje inneheld virkemiddel eller insentiv på denne sektoren.
- Det er også etter vår meining ei svakhet med denne NOU-en at utvalet er avgrensa til å sjå på offentleg finansiert forskning, sidan det ikkje går noko klårt skilje mellom offentleg finansiert og privat finansiert forskning. Denne svakheten ligg i mandatet til utvalet.

Vi har identifisert så mange viktige område som bør få ei grundigare handsaming enn det som ligg føre i NOU2011:6, så vi føreslær at det blir sett ned eit nytt utval, med tydeleg mandat, med breiare fagmessig, institusjonsmessig og geografisk samansetjing, der også forskaranes fagorganisasjonar er med, og gjerne også med representantar frå ulike brukarar av FoU-resultata.